



Reglement for Kvinnherad kulturskule

1. Generelt

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg ått og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har òg til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge sin meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse.

Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i den nye Rammeplanen for kulturskulen «*Mangfald og fordypning*» (Norsk kulturskuleråd, 2016, <https://www.kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen>). Den vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Med utgangspunkt i rammeplanen er undervisninga i kulturskolen organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetning: bredde-program, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Meir om våre opplæringsprogram og våre tilbod sjå her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>. Kulturskulen har mål å verta ein ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i Kvinnherad kommune og samarbeider derfor aktivt med andre einingar i kommunen, som grunnskule, barnehage, helsesektor og andre. Visjonen til kulturskulen er «*Kvinnherad kulturskule- ein skule for alle*».

2. Målgruppe

Kulturskuletilbodet rettar seg i hovudsak mot born og unge i alderen 0-19 år og det lokale musikk- og kulturlivet i kommunen elles. Dersom det er ledige plass, kan kulturskulen tilby plass også til vaksne elevar (ingen aldersgrense). Søkjarar under 20 år er likevel prioriterte. For meir info om aldersgrense i de ulike fag sjå her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

3. Rettar og pliktar for elevane

Kvinnherad kulturskule følgjer kommunen si forskrift om felles ordensreglement for grunnskulen i Kvinnherad kommune og prega av eit konstruktiv samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Elevane skal lære å sjå seg sjølv som medansvarlege for eit godt fellesskap, prega av trivsel og respekt.

Elevane har krav på:

- eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- å bli behandla på ein respektfull måte
- å ikkje bli utsett for krenkjande ord/handlingar

Elevane har plikt til å:

- arbeide for eit godt og trygt lærings- og skulemiljø
- vise respekt og behandle andre på ein respektfull måte
- ikkje øydelegge det fysiske miljøet på kulturskulen: utstyr, lokalar, mm.
- ikkje utsette andre for krenkjande ord, handlingar eller mobbing
- følge alle kulturskulen sine regler elles

4. Organisering av undervisning

Kulturskulen følgjer felles skulerute for Kvinnherad kommune. Undervisninga er organisert som einetimar (30 min. per veke) eller i smågrupper (45-60 min per veke). Kvinnherad kulturskule har hovudbasen i Kvinnherad kulturskulesenter på Husnes. Her ligg òg administrasjonen. I tillegg kan kulturskulen gi desentralisert tilbod på desse stadene i kommunen: Hatlestrand skule, «Rosendal kulturskulesenter» (Malmanger skule), Rosendal ungdomskule, Uskedalen skule, Halsnøy skule og Valen skule (regulerast årleg av kulturskulen). For meir info om kva for undervisningstilbod vi har i dei ulike delane av kommunen sjå våre tilbod her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

5. Elevopptak, innmelding og vidareføring av plassen på kulturskulen

Hovudopptak til neste skuleår skjer årleg i juni-månad. Alle søkarar får svar frå kulturskulen innan 1. juli på e-post. Dersom det er ledig plass etter skulestart, vil det også bli tatt løpande opptak gjennom skuleåret.

For plass må ein søkja elektronisk direkte til kulturskulen,- via kulturskulen sitt administrasjonsprogram «SpeedAdmin» (<https://speedadmin.dk/>)

Når ein søker elektronisk, får ein ei stadfesting i form av eit ID-nr på at søknaden er registrert og motteken. Alle elevar/føresette forpliktar seg til å vedlikehalde sin informasjon i skulen sitt digitale administrasjonsprogram.

Dei som likevel ikkje har tilgang til Internett kan finna brosjyre m/ papirskjema på Rådhuset, biblioteket på Husnes eller på Bokbussen.

Rektor er ansvarleg for opptaket. Kontakt-informasjon til rektor finn ein her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

For å halda på plassen, må eksisterande elevar og dei på venteliste re-registrere seg kvart år. Søknadsfrist for re-registrering (noverande og tidlegare elevar og dei på venteliste) er 1. april kvart år. Nye elevar: 15. april. Det er mogleg å vere registrert som søker til maksimum 3 ulike fag. Ved elevinntak vert søkerar utan andre tilbod i kulturskolen, prioriterte.

6. Utmelding/ Oppseiing av elevplass

Elevplass gjeld for eitt skuleår om gongen. Dei som har fått plass vert rekna som elevar i kulturskulen frå og med komande skuleår, med mindre eleven vert skriftleg utmeld innan 1. august.

Ønskjer eleven å slutta til jul, må det sendast skriftleg utmelding innan 1. desember. Ved overskriding av fristane, er semesteret å sjå på som starta, og ein må betala skulepengar fullt ut. Alle evt. utmeldingar/oppseiingar vert sendt skriftleg på e-post eller brev til rektor. Kontakt-informasjon til rektor finn ein her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

7. Venteliste

Viss det ikkje er ledig plass i faget ein ønskjer, vert søkeren sett på venteliste.

Ein får tildelt plass dersom kulturskulen får nokon ledige plass, ut ifrå følgjande kriterium:

1. ventelisteansiennitet innan aktuelt fag
2. alderen til eleven
3. bustad
4. timeplan
5. andre aktivitetar som eleven går på i kulturskulen
6. alderssamansetning

Søklar får ventelisteansiennitet frå dato for første gong søkt aktuelt fag. Elevar som ikkje kjem med, blir ståande på ventelista.

8. Permisjon og eksklusjon

I nokre tilfelle kan det unnataksvis løyvast permisjon frå kulturskulen etter ein skriftleg søknad til rektor, inntil 1 skuleår. Den vanlege årsaka til permisjon er sjukdom eller mellombels flytting frå kommunen. Ein kan søka om permisjon av andre grunnar òg, men normalt sett er det berre desse grunnane som kan gi innvilga permisjon. I andre tilfelle blir eleven utmeldt frå kulturskulen etter brot undervisninga.

Eleven kan bli sett bort frå undervisninga/mista plassen sin ved kulturskulen ved:

1. manglande betaling (semesteravgift)
2. stort grunnlaust fråvær (5 gonger per eit semester og meir)
3. skadeleg behandling av kulturskulens utstyr, lokalar, mm.
4. åtferd som forstyrrar undervisninga og andre kulturskuleelevar

Utmelde elevar, som seinare år søker plass, har ingen førerrett, men stiller på lik line med nye søkerar.

9. Skulepengar

Føresette får krav om skulepengar fordelt på to innbetalingar i året, med forfall 20. oktober og 20. mars. I tillegg til skulepengar kan det koma utgifter til materiell m.m. Sats for skulepengar/semesteravgift vert regulert årleg av kommunen.

Det blir gitt 50% søsken-/ aktivitetsmoderasjon på ordinær sats frå og med barn/ aktivitet nr. tre (inntil 19 år). Evt. gratis tilbod kjem utanom denne ordninga. Startar eleven midt i semesteret/etter skulestart,- vert det i utgangspunktet ikkje gitt reduksjon i semesteravgift/skulepengar. For meir info om semesteravgift/skulepengar og pris på dirigentteneste, sjå her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

10. Friplass

Dersom heilt særlege grunnar tilseier det, kan kulturskulen gi heilt eller delvis fri opplæring etter grunna søknad til rektor. Det kan i utgangspunktet søkjast om 1 friplass pr. elev. Alle søknader vert vurdert individuelt av rektor ut ifrå følgjande kriterier: søker/føresette skal ikkje ha høve til sjølv å betala kontingent for elevplass i kulturskulen som følgje av økonomiske vanskar. Det skal finnast ei grunnngjeving frå aktuelle eining (f.e. NAV). Friplassen gjeld for eit skuleår og må søkjast om på nytt for neste skuleår. Friplassen skal søkjast før det nye skuleåret byrjar/ før eleven har

byrja i undervisinga. I motsett fall vil det seinare koma krav om skulepengar. Friplass gjeld i hovudsak berre for undervisning.

11. Instrument og undervisningsmateriell

Elevane sørger i hovudsak sjølve for å kjøpa alt utstyr og materiell som skal brukast i opplæringa. Det er føresetnad at elevar som får plass på eit fag med instrument forpliktar seg til å ha eige instrument heime til å øva på. Faglæraren kan hjelpa til med å velja og skaffa musikkinstrument og materiell som skal brukast i undervisninga til eleven. Kulturskulen har òg utleigeordning for blåse- og strykeinstrument mot ei semesteravgift som vert regulert av kommunen (meir om pris og utleige av musikkinstrument/utstyr frå kulturskulen sjå her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule> . Utstyr som vert leigt ut frå kulturskulen må haldast i god stand av leigetakaren. Ved eventuell skade på instrumentet må leigetakar dekkja reparasjonsutgifter/kjøpe et nytt instrument. Pianoelevar må ha piano tilgjengeleg for egen øving heime.

12. Oppmøte, førebuing til timane og fråvær

Elevane pliktar å møta presis og godt førebudd til opplæring og arrangement. Dersom ein elev er sjuk eller av ein annan grunn ikkje kan møta til undervisninga, må føresette alltid melde fråvær direkte til lærar på førehand / før timen startar. For kontakt informasjon sjå her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>, eller <https://speedadmin.dk/>. Ved ulegitimert fråvær kontaktar læraren føresette og administrasjonen ved kulturskulen. Det vert òg sendt skriftleg varsel.

13. Elevvurdering og samarbeid med heim

Kulturskulen satsar sterkt på samarbeid med foreldre og heim om barn si faglege og sosiale utvikling og læringsutbyte til elevane. Det er forventa at alle føresette møte første timen i det nye skuleåret saman med eleven for foreldresamtale med læraren. Dette gjeld alle,- både nye og gamle elevar. Målet med samtalen skal vera korleis eleven, skulen og foreldra saman kan leggja tiltrette for eleven sin faglege og sosiale utvikling. I samtalen skal dei føresette m.a. få svar på spørsmåla sine, få vita korleis eleven bør jobba til dagleg og forventningar til eleven.

I tillegg til foreldresamtalen på den første timen gjer kulturskulen kontinuerlege evalueringar av prestasjonane til elevane og evt. utfordringar. Tilbakemeldingar frå læraren blir gitt til eleven og føresette både i munnleg og skriftleg form regelmessig i løpet av heile skuleåret. Det er også ei skriftleg elevvurdering som vert gjord av lærar og ein ekstra konferansetime med eleven og

foreldre som skjer ein gong i skuleåret på vår- semesteret (i mars-månad). Føresette vert innkalla til møte av læraren (gjelder elevar i enkelttime-undervisning og elevar i smågruppe-undervisning).

14. Avlysing og flytting av timer

Normalt skjer undervisninga i ein fastsett dag og klokkeslett gjeldande for eit skuleår. Det kan likevel vera aktuelt å leggja om undervisning (flytte undervisningstimar) nokre gonger, grunna andre aktivitet på kulturskulen, eller andre evt. uføreseielege situasjonar.

Når ein lærar har fråvær vil det bli sett inn vikar. Dersom dette ikkje lèt seg gjera, vert undervisninga avlyst. Da vil det bli gitt reduksjon i skulepengane. Føresette er sjølv ansvarlege for å søkje om refusjon for avlyste timar. Søknad om refusjon blir send til kulturskulerektor seinast 1 måned etter avlyste timen. Kontakt-informasjon til rektor finn ein her:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

I alle tilfelle der undervisninga må flyttast eller avlyst, er læraren på kulturskulen pliktig til å gi beskjed/avtale om dette med elevar/føresette på førehand.

15. Bytte av instrument/fag, eller tidspunkt for undervisningen

Det er mogleg å søka om å bytte fag. Dette blir gjort ved å velja «bytt fag» i re-registreringen på «SpeedAdmin» administrasjonsprogram (<https://speedadmin.dk/>).

Eleven vil då kunna fortsetja på noverande fag og samtidig stå på venteliste for bytte av fag inntil det blir ledig plass. Plass i det nye faget blir tildelte etter ventelisteansiennitet på det aktuelle faget. Dei som har ønskje om bytte av lærer og/eller tid og stad for undervisning må kontakte administrasjonen for kulturskulen. Kontakt-informasjon finn ein her:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

16. Arrangement på kulturskulen

Kulturskulen arrangerer fleire konsertar, framsyningar og utstillingar i løpet av eit skuleår. Å delta på slike arrangement er ein viktig del av opplæringa. Dersom kulturskulen arrangerer konsertar/framsyningar i skuletida, eller elevane treng fri frå skulen i samband med øving, vil kulturskulen be om fritak frå grunnskuleundervisninga for elevane. Dersom føresette ikkje ønsker dette, må dei ta kontakt med faglæraren. Kontakt-informasjon finn ein her:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>, eller <https://speedadmin.dk/>.

17. Bruk av bilder og videoopptak på kulturskulen

Kulturskulen ønskjer å visa fram tilbodet og aktivitetane våre. Det er praksis å publisera bilde/videoopptak frå kulturskulen sine framsyningar og andre aktivitetar både på nettet (f.e. på webside og Facebook-side til kommunen og kulturskulen) og i våre brosjyrar, mm. Føresette må gje fullmakt til dette. Dette gjer ein elektronisk på kulturskule si administrasjonsprogram «SpeedAdmin» ved innmelding/ re-registrering (<https://speedadmin.dk/>).

18. Tilleggsopplysningar om elevar

For å leggja undervisninga til barnas beste, vert alle foreldre oppmoda om å informera kulturskulen og faglæraren om evt. vanskar/alvorlege sjukdommar eleven har. Dette vert gjort elektronisk i «SpeedAdmin» (<https://speedadmin.dk/>) når føresette sender søknad om plass og munnleg i løpet av skuleåret til læraren, ved behov.

19. Følgja elevar til/frå undervisning

For nokre undervisningstilbod er det ein føresetnad/ eit krav om at fortsette følgjer elevar med på undervisninga. Det er og for å leggja undervisningsprosess til barnas beste. Føresette får melding om det direkte frå læraren ved skulestarten.

Dersom særlege grunnar tilseier det, må enkelte elevar ha føresette med seg fast på timen. I slike høve vil føresette få melding om dette frå lærar / administrasjon.

Kulturskulen har ikkje ansvar for å følgja elevar til/frå undervisning (t.d. elevar som er i ei SFO-ordning). Det er ansvaret til føresette.

20. Dirigenttjeneste

Søknad om kjøp av dirigenttenester (kor og korps) i det lokale musikklivet skjer på eige papirskjema som ligger på Kvinnherad kommune si heimeside: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.

Søknadsfrist: 1. januar. Søknad vert sendt til: Kvinnherad kommune, Rådhuset, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Avtalen for dirigenttjeneste gjeld for eit skuleår, og kan ikkje seiast opp i løpet av avtaleperioden, utan at faktura for heile avtaleperioden er betalt.

21. Kontakt og tilbakemelding

Vi set stor pris på tilbakemeldingar frå brukarane våre. For spørsmålet av alle slag, kommentarar og tilbakemeldingar om undervisninga på kulturskulen, våre aktivitetar, forslag til betring, ris og ros, bør ein kontakta administrasjonen på kulturskulen. Kontakt info til rektor og undervisningsinspektør ved kulturskulen finn ein her: <https://www.kvinnherad.kommune.no/kulturskule>.